



Welshen Turbo til Guri Olsen, Lærdal

Årsmelding NSK avdeling Sogn og Fjordane 2024

Medlemmer:			Diverse:
		Avdelinga har 63 medlemmer	
Møter:	Tal arr.:	Tal medlemmer (andre)med:	
Styremøter:	3	4	Styret handsama 11 saker
Medlemstreff/ møte:	3	Jakt/apport-treningar i Sogn 8	
Årsmøte/fagdag	1	Fagtema var pelsstell 16	
Arrangement:	Tal arr.:	Tal startar (Medlemmer frå avd. i parantes)	
Utstilling:	0		
Jaktprøve:	0		

Apportprøve:	1	2 (1)	
Jaktanlegg:	1	5 (3)	
Ferskspor - bevegeleg:	1	9 (0)	
Blodspor:	3	13 bevegelig (1) 12 (4) 11 (4)	
Valpeshow:	0		
Kurs:	1	Jaktkurs 6 (6)	
Kontakt med medlemmene:			
Utsendt medlemsinfo	3		
Våre Spaniels	4	Klubben har avdelingsspalte i alle nummer	
Heimeside		Vert oppdatert regelmessig	
Facebook		Vert oppdatert ofte	
Økonomi:	Pr 31/12:	Årsresultat:	Kommentar:
	106.860	-1.157 kr	

Andre nøkkelopplysninger/tal:

Dommarar knytta til avdelinga:	Ettersøk (blod/fersk) Arvid Solheim, Årdal, Torstein Solset, Førde, Inger Handegård, Luster, Elin Anita Gjerde, Leikanger, Hilde Rotihaug, Eid, Morten Norheim, Luster, Ernst Inge Brugrand, Lærdal Under utdanning: Lars Gunnar Røneid, Årdal Jakt/JAL: Inger Handegård, Luster. Under utdanning: Elin Anita Gjerde, Leikanger
Instruktører	NKK trinn 2 jakt: Inger Handegård, Luster NKK trinn 1: Laila Røneid, Årdal Linn Didriksen Solsvik, Sogndal, Anne Berge Bjørnseth, Florø Rally: Inger Handegård, Luster, Laila Røneid, Årdal
Oppdrettarar med kennelnamn:	Desperado (ess), Fjordgløtt (ess), Zelfa (ess), Miramora (am cock)

Årsmelding for Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane

Styret har for 2024 sett slik ut:

Leiar: Laila Røneid, Årdal
Nestleiar: Inger Handegård, Luster
Kasserer: Edvard Hartvigsen, Stryn

Vald 2024 for 2 år
Vald 2023 for 2 år Er også leiar BK og BK-kontakt
Vald 2024 for 2 år

Vara: Per Ståle Vågene, Florø

Vald 2024 for 1 år

Webansvarleg: Inger Handegård

Revisor: Erna Tisthamar

RS-utsendingar: Laila Røneid og Elin Anita Gjerde.

Vara: Edvard Hartvigsen og Inger Handegård

Jaktkontakt:

Elin Anita Gjerde, Leikanger

Vald 2024 for 1 år

Valnemnd:

Sissel Ytre-Eide (og Malene Østgård som har flytta)

Styremedlemmer vert vald for to år om gongen.

Vara, jakt og brukshundkontakt, revisor og valnemnd vert vald årleg.

Økonomi

Avdelinga har god økonomi, med ein saldo på kr 106 860,73 pr 31.12.2024.

Rekneskapen viser eit underskot på kr.1 157,04.

Her bidrog jaktkurset med utgifter som vart kr 11 173,92 høgare enn inntektene.

Ikkje alle som dømmer på prøvene våre sender rekning. Det bidreg positivt for oss.

Medlemstal:

Medlemstalet er no 63 medlemmer.

Styremøte:

3 styremøter, 17. januar (årsmøtesaker), 7. mai (RS-saker) og 22. september (søknad om prøver og diskusjon om utstilling 2025). Styret har behandla 11 saker dette året.

Informasjon til medlemmene via heimeside, facebookside, e-post og brev

Me prøver å oppdatere heimesida regelmessig. Facebooksida vert brukt hyppig til ting med kortare varigheit og påminningar, treningstips og anna informasjon. Årsmøtet vart annonsert i fellesannonse i Våre Spaniels. Innkalling sendt ut på epost og lagt ut på heimeside.

RS-2024:

Ingen kunne delta.

Høyringar:

Avdelinga har ikkje svart på nokon høyringar dette året

Ny dommar ettersøk:

Me gratulerer Ernst Inge Brugrand som godkjent ettersøksdommar.

Tilbod til medlemmene i avdelinga kalenderåret 2024:

Februar

Årsmøte på Skei med sosial samling. Tema var bl.a. pelsstell og tips til kvardagstrening.

April

Treningsdag jakt på Kaupanger, Sogn. Ansvarleg jaktkontakt Elin Anita Gjerde.

Mai

Oppstart bevegeleg blodsporprøve.

Planlagt familiedag måtte avlysast grunna sjukdom.

Juni

Medlemsinformasjon sendt ut på epost.

Trimmeliste for S og Fj. oppdatert på heimesida.

Dobbel blodsporprøve på Nordfjordeid

Juli

Oppstart bevegeleg fersksporprøve

Bevegeleg blodsporprøve

August

Bevegeleg blodsporprøve

Bevegeleg fersksporprøve

Jaktanleggsprøve og apportprøve.

September

Oktober

Jaktkurs 25.- 27. oktober med Astrid Ellefsen frå Vindfinn hundetrening. Kurset vart annonsert tidleg i mars og var fullt etter to timar!

Desember

Medlemsinformasjon sendt ut i romjula på epost.

Årsmøte 11. februar 2024

Årsmøte med fagdag. Heile 16 medlemmer møtte på årsmøtet ❤️
Tema var bl.a. pelsstell, Møtet vart avslutta med god mat på hotellet.



Pelsstellkurs

Me har ståande tilbod om å hjelpe medlemmene våre berre dei kontaktar styret, men berre ein har benytta seg av dette tilbodet i 2024.



I tillegg har Leikanger hund bedt om opplæring av kvardagsklipp cocker, og Inger Handegård har hjelpt med dette. Det er supert at folk som tek i mot bl.a. spanielrasane for pelsstell ber om opplæring av raseklubben. Det set me pris på!

Jakt-trening

Det har vore fleire samlingar med apporttrening.



14. april: Kjekk treningsdag i skogen på Kaupanger, Sogn. 8 hundar med eigarar møtte.

2. mai kl. 18.00 på Kaupanger. Fokus på treningen var avlevering.

15 mai i Lærdal Jakttrening med sosial samling



Jaktanleggsprøve og apportprøve ordinær 25. august i Luster

Dommar: Tor Magne Gramstad var dommar. Elin Anita Gjerde var dommarelev.

Det starta 5 på jaktanleggsprøven - alle fekk bestått og 2 starta på apportprøven - ein bestod.

Dobbel blodsporprøve med totalt 23 startande ekvipasjer på Nordfjordeid 15. - 16. juni

Laurdag: 3 AK og 9 EK. Dommarar: Hilde Rotihaug og Olav Kåre Solvang.

Søndag: 3 AK og 8 EK. Dommarar: Hilde Rotihaug og Geir Aardalsbakke.

Me takkar Royal Canin som støttar arrangementet med fôrpemiar.



EK laurdag 15. juni Frå venstre nr. 2 Sigve Eldøy med Zelfas On the Hunt, prøvevinnar Nina Hartvigsen med Mi-Mio's Akoya Perl og nr. 3 Jan Ove Steinseth med Gloslibråten Penny. Dommarane Hilde Rotihaug og Olav Kåre Solvang bak.



Søndagens ekvipasjer på topp i EK. I midten prøvevinnar Stig Fladen med Kalexas Loch Ciaran, til venstre nr. 2 Sigve Eldøy med Zelfas On the Hunt og til høgre nr. 3 Olav Aamot med Streamside's Jungle Master. Dommarane Geir Aardalsbakke og Hilde Rotihaug ståande.

Bevegelege blodspor og fersksporprøvar

Interessa for bevegelege prøvar blant avdelinga sine medlemmer har vore liten også i år. 13 starta, men berre ein spaniel. Dei 13 vart dømt av Torstein Solset, Hilde Rotihaug, Ernst Inge Brugrand, Morten Norheim og Olav Kåre Solvang.

Ni starta på fersksporprøve dømt av Hilde Rotihaug, Geir Aardalsbakke og Torstein Solset. Det var ein startande spaniel - samme hund starta to gonger med to ulike førarar. Den vart med dette godkjent ettersøkshund.



NM-blodspor 2024

I år hadde me eitt medlem som var med og me kan gratulera Nina og **Mi-Mio's Akoya Pearl** med ein super finaleplass!!! 10 kom til finalen og Nina vart nr 10 med Mi-Mio's Akoya Pearl (Karma).

Spaniels i avdelinga som har fått championat og nye mellomtitlar i 2024

Nye titlar 2024 er merka med raudt

Nye champions:

NBSCH NUCH DKUCH FIUCH C.I.B SEU(U)CH C.I.B.-J Fjordgløtt Cream Dream til Elin Anita Gjerde

NBSCH NV(F)CH DKSCH(B) LPI NUCH SEU(U)CH DKUCH NORDVCH SEVCH BH-VT RLI SpH D Winton Kisses of Fire til Elin Anita Gjerde

Ny mellomtittel :

NBSCH NV(F)CH RL1 RL2 RL3 SpH D SpH C Desperados Happy Me til Inger Handegård
RL1 RL2 RL3 Desperados Just You And Me til Inger Handegård

Årets mestvinnande i fylket 2024:

Det er medlemmene som har ansvar for å sende inn eigne resultat, men me har også teke med alle resultat oppnådd på avdelinga sine eigne arrangement. Styret plukkar ut vinnar av årets debutant og junior frå bl.a. forslag frå medlemmer, heimesida og FB-sida til klubben, frå medlemsmøte, samlingar og kurs. Årets debutant er plukka ut frå dei som har vore aktive på avdelinga sine offisielle arrangement prøvar og utstilling (og eventuelt andre arrangement) og som også har vore aktive på andre aktivitetar i avdelinga som årsmøte, kurs, online-konkurransar m.m. Årets junior, debutant og alle greinvinnarar med meir enn 100 poeng oppnådd får eit gåvekort på kr. 200 for bruk på avdelinga sine aktivitetar i året som kjem.

Årets junior:

Ingen kandidatar til årets junior.

Årets debutant:

Guri Olsen med welsh springer Dhen's Here There and Everywhere som har vore på utstilling med godt resultat og som var med på jaktkurset og treningar.

Stine-Theoline Wennevold med Winton Twelve Monkeys Bestått jaktanleggsprøve, starta på rallyprøve og vore med på treningar.

Årets mestvinnande hundar i avdelinga i 2024:

Årets utstillingshund			
1	ESS Fjordgløtt Cream Dream Bim NSK Skien 17.03 -110, Bir NSK Blaker skanse 21.07 - 120 Bim NSK Egersund 08.09 - 110	Elin Anita Gjerde	340
2	ESS Desperados Just You And Me 2 x CK liten utstilling, BIG liten utstilling 70 + 70 + 140	Inger Handegård	280
3	ESS Winton Kisses of Fire 3 x CK NSK 80+80+80	Elin Anita Gjerde	240
4	ESS Millside`s Art of Beauty ESS 3 x EXc	Ernst Inge Brugrand	180
5	Welsh Dhen's Here There and Everywhere. cert og 3 BHK på NSK, Excellent på NKK 60 + 80	Guri Olsen	140

Årets jakthund - alle har for lite poeng til gavekort			
1	Millside`s Art of Beauty ESS 48	Ernst Inge Brugrand	40
1	Draxenrøyas Black Cullin CS 53	Linn Didriksen Solsvik	40
3	Winton Twelve Monkeys ESS 38	Stine-Theoline Wennevold	30

Årets hund på sporprøver (blod/fersk)			
1	Mi-Mio's Akoya Pearl ESS	Nina Hartvigsen	330
2	Gloslibråten Penny 96 p -96 CS	Jan Ove Steinseth	240
3	Millside`s Art of Beauty ESS	Ernst Inge Brugrand	210
4	Streamside's Jungle Master 82 p-93 p ESS	Olav Aamot	200
5	Winton Kisses of Fire ESS	Elin Anita Gjerde	100
6	Gloslibråten Thea 2 AK CS	Jan Ove Steinseth	40

Årets rallylydigheitsspaniel			
1	Desperados Happy Me ESS	Inger Handegård	500
2	Desperados Just You and Me ESS	Inger Handegård	450
3	Mi-Mio's Akoya Pearl ESS	Nina Hartvigsen	160
3	Winton Kisses of Fire ESS	Elin Anita Gjerde	160

Årets lydighetspaniel			
1	Desperados Happy Me ESS	Inger Handegård	320
2	Desperados Just You And Me ESS	Inger Handegård	190

Årets allsidighetsspaniel:			
1	Desperados Happy Me ESS	Inger Handegård	290
2	Winton Kisses of Fire ESS	Elin Anita Gjerde	260
3	Desperados Just You and Me ESS	Inger Handegård	230
4	Mi-Mio's Akoya Pearl ESS	Nina Hartvigsen	210
5	Millside's Art of Beauty ESS	Monica Høgelid Brugrand	170

Årets agilityhund og Årets brukshund (NBF) - ingen